

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

31.12.2025

- ✓ **Fride fekk fast jobb medan ho enno var praktikant**
- ✓ **Maria danka ut 74 andre søkjarar – fekk fast jobb**
- ✓ **Mediesenteret starta «Nynorskhjelparen» i NRK**
- ✓ **Historisk: Tre senter med praktikantar under same tak**

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 215 praktikantar. Frå dei siste ti kulla jobbar 66 prosent framleis i media. Totalt 44 prosent er framleis i NRK. 20 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Tøffare tider – men gjer nye tiltak

To tidlegare praktikantar fekk fast jobb i NRK i 2025. Det er ein stor nedgang samanlikna med året før, då fem praktikantar sikra seg faste kontraktar. I 2024 fekk i tillegg fire praktikantar jobb i andre medium.

Vi såg og at mange flinke folk måtte takke for seg i NRK i løpet av 2025. Særleg var det tilfelle på nyheitsgolvet på Marienlyst, der fleire tidlegare praktikantar gjekk frå NRK til VG, Aftenposten og andre mediehus.

Det viser igjen i statistikken vår, der vi ser at det er litt færre praktikantar som framleis jobbar i media enn før. Tala viser at 66 prosent av praktikantane frå dei ti siste kulla framleis er tilsette i ulike medium. 44 prosent er framleis i NRK. Til saman 20 prosent er i andre mediehus.

Det er først og fremst eit resultat av sparekniven i NRK. Det er rett og slett færre ledige stillingar å søkje på. Då er det generelt utfordrande å vere vikar på jakt etter fast jobb. Og resultatet er at NRK går glipp av flinke, nynorskbrukande journalistar.

Akkurat det kan det kjennest frustrande å jobbe med, men vi veit at marknaden alltid har gått i bølger – så det er lov å håpe på lysare tider.

NRK Nynorsk mediesenter har stabla på beina den såkalla «nynorskhjelparen». Dette er eit nytt tiltak for å løfte det nynorske språket i NRK. Ved overgangen til eit nytt år, ser vi at tenesta blir stadig meir kjend og brukt. Vi har prioritert nynorskhjelparen framfor fleire kurs og fadderordning, og trur det har vore ei rett vurdering. Det har vore kjekt å oppleve energien i prosjektet, der fleire avdelingar i DDIV har gått saman om få realisert det etterlengta tilbodet.

Også praktikantmiljøet på Nynorskhuset gir energi. Saman med Nynorsk avissenter og Nynorsk scenespråksenter er vi no tre søstersenter samla under eitt og same tak, og det har blitt eit ungt og vitalt praktikantmiljø. Håpet er at det gjer oss meir attraktive, samstundes som det sosiale og faglege miljøet har blitt endå sterkare.

Nynorskhuset i Førde, 21. januar 2026

Rune Fossum Lillesvangstu

Leiar NRK Nynorsk mediesenter

Starta «Nynorskhjelparen» i NRK

NRK Nynorsk mediesenter står bak etablering og administrering av den flunkande nye tenesta i NRK. Tiltaket skal løfte nynorskprosenten.



– Dette er eit prima samarbeid mellom fleire redaksjonar i NRK, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu og faglærar Eva Marie Felde.

I november 2025 såg «Nynorskhjelparen» i NRK dagens lys. Mediesenteret står bak prosjektet, der vi har fått på plass ei bemanning av ein Slack-kanal. Alle redaksjonar i NRK kan sende inn saker, som anten er skrivne på nynorsk eller omsett frå bokmål, og få desse kvalitetssikra av språksikre journalistar.

Målet er å løfte nynorskprosenten, og samstundes sikre at språket held godt nivå. Og responsen på tiltaket var god: Fram mot årsskiftet hadde nesten 180 saker vore innom Nynorskhjelparen. Tala våre tyder på at fleire og fleire oppdagar tilbodet inn i 2026.

Nynorskhjelparen er eit prosjekt som skal vare ut 2026, med ambisjon om finansiering for dei neste åra. Bak prosjektet står NRK Nynorsk mediesenter, som administrerer tiltaket og bemannar tenesta fleire dagar i veka. Bemanninga av kanalen skjer elles i samarbeid med NRK Vestland, riksavdelinga i NRK vest og NRK Møre og Romsdal.

Historisk: Tre senter med praktikantar!



For første gong var det 14 praktikantar på éin og same gong i Nynorskhuset.

I august tok NRK Nynorsk mediesenter imot fem nye praktikantar som skulle få opplæring og praksis i journalistikk i NRK. Samtidig starta praktikantane på søsterordningane Nynorsk avissenter og Nynorsk scenespråksenter. Dermed er praktikantmiljøet i Førde større, betre og meir vitalt enn nokon gong!

– Vi har både fagleg samarbeid og mykje med kvarandre å gjere sosialt. Det har vist seg å vere ein stor suksess. Det er klart at eit ungt og vitalt miljø betyr mykje for opplegga våre – både kvar for oss og for Nynorskhuset generelt, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter

NRK Nynorsk mediesenter starta med opplæring og praksis for nynorskbrukande praktikantar i 2004. Nynorsk avissenter i Firda Media tok imot dei første praktikantane etter same lest i 2013. Og då vi flytta inn i Nynorskhuset, låg alt til rette for at også Teater Vestland skulle få på plass si eiga praktikantordning gjennom Nynorsk scenespråksenter. Dei starta opp i 2025, og i august same året tok dei imot sitt andre kull.

Dei tre sentra la opp til å innlemme alle praktikantane i fellesskapet frå dag éin. Dei var og flinke til å finne på ting i lag. Alt frå å stille med lag på kviss til å reise på sauna.

– Det er gull verdt, både fagleg og sosialt. Og det gir masse energi til heile Nynorskhuset også elles. Eg trur det vil gje effektar langt utover Førde – heilt i tråd med ambisjonane til Nynorskhuset, seier Lillesvangstu.

Arrangerte tre gratis frukostmøte



Nynorskhuset stod som arrangør av tre opne frukostmøte i løpet av 2025. Sophie Elise samla fullt hus då ho kom for å fortelje om forholdet sitt til nynorsk.

Tema for frukostmøta var som følgjer:

- ✓ **April:** Språk og ytringsfridom
- ✓ **August:** Makt, identitet og inkludering
- ✓ **November:** KI og falske nyheiter

Frukostmøta starta med servering av mat, før det var ein times program frå scena i restauranten Røyst – alt med språk som ein raud tråd gjennom året. Inviterte gjestar var politikarane Stig Even Lillestøl (Frp), Emma Ness (Sp), Alice Vie (SV) og Elias Eide (H), influensar Sophie Elise Isachsen, forfattarane Pia Maria Roll og Sivert Nesbø, journalistane Jens Kihl (BT), Runa Victoria Engen (faktisk.no) og Arne Hjort Johansen (Firdaposten).

Arrangementa vart godt mottekne, og særleg var Sophie Elise eit trekkplaster som samla mykje folk. Til dette møtet var elevar frå Førde vidaregåande skule spesielt inviterte, og dei var med på å fylle salen saman med eit engasjert publikum.

Faglærer ved NRK Nynorsk mediesenter, Eva Marie Felde, var med i arbeidsgruppa som jobba med frukostseminara. Leiar på mediesenteret, Rune Fossum Lillesvangstu, har vore leiar i styringsgruppa for Nynorskhuset. Representantar frå NRK, Firda og Vestland Teater har såleis jobba for at det skal bli noko ut av ambisjonen om å skape spennande synergieffektar i Nynorskhuset. I april 2026 er det planlagt ein større språkkonferanse med nasjonal målgruppe i Nynorskhuset. Overskrifta er «Skal vi snakke om det?». Heidi Hattestein er tilsett som prosjektleiar for arrangement i ei 20 prosents stilling.

Arrangementa er støtta økonomisk med midlar frå Vestland fylkeskommune, Fritt Ord og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Fekk fast jobb medan ho var praktikant

Fride Kvamsøe Rekdal sikra seg fast jobb i NRK Møre og Romsdal.



- Eg fekk heilt sjokk. Eg hadde aldri trudd at det var eg som kom til å få jobben, så det var ei stor overrasking, seier Fride Kvamsøe Rekdal.

Ho starta som nynorskpraktikant på kull 42 ved NRK Nynorsk mediesenter i januar 2025. I mai byrja ho i praksis i nyheitsredaksjonen til NRK Møre og Romsdal. Då redaksjonen lyste ut ei ledig fast stilling, slengde Rekdal inn ein søknad. Og fekk jobben - medan ho enno var praktikant.

- Det er veldig stas. Mykje av sjokket eg fekk var jo nettopp derfor, eg hadde aldri trudd at eg skulle få fast jobb medan eg enno var praktikant, seier Rekdal.

Fride Kvamsøe Rekdal er frå Rekdal i Romsdal og har alltid vore interessert i film og media. Etter å ha gått medie- og kommunikasjonslinja på vidaregåande i Molde, søkte ho seg inn på filmvitskap ved NTNU i Trondheim. Samstundes jobba ho på ei demensavdeling. Der heldt ho fram etter at ho var ferdig med bachelorgraden.

- Men draumen om å jobbe i media forsvann aldri heilt, og eg byrja å kjenne meg klar for å prøve ut noko nytt. Og med det bestemte eg meg for å gripe sjansen og bli nynorskpraktikant i NRK, fortel Rekdal.

Etter eit halvt år som praktikant ved NRK Nynorsk mediesenter, hadde 27-åringen sommarvikariat i NRK i Ålesund. Så gjekk ho rett over i fast jobb som reporter same stad.

75 ville ha jobben, men det var Maria som sikra seg fast jobb i NRK

75 søkte på den faste jobben som journalist i NRK Vestland. – Litt flaks, men også hard jobbing, trur Maria Gunnarsdotter Svedal var nøkkelen for å få jobben.



Maria Gunnarsdotter Svedal kunne like før jul gle seg over tidenes julegåve. Som éin av to, fekk ho fast jobb som journalist i NRK Vestland. Redaksjonen der ho hadde praksis som nynorskpraktikant, og seinare har vore vikar.

– Eg blei både glad og overraska! Det er inga hemmelegheit at det er kamp om journaliststillingane for tida, og eg har søkt på mange stillingar sidan praktikantperioden var over, seier sogndølen.

Svedal var praktikant på kull 35 ved NRK Nynorsk mediesenter, hausten 2021. Då var ho akkurat ferdig med studiane i nordisk ved Universitetet i Bergen. Ho hadde vore aktiv i studentradioen, og også hatt sommarjobb i Sogn Avis.

Etter praksisperioden i NRK Vestland har ho jamt over halde fram som vikar der. I ein periode har ho også vore inne som vaksjef. No skal ho først og fremst vere reporter og lage saker til TV, nett og radio.

Medan ni tidlegare praktikantar fekk fast jobb i media i 2024, så var nålauget trongare i 2025. Svedal er éin av to som nyleg har vore praktikant og fått fast jobb i NRK i 2025.

– Det er ingen tvil om at det er tronge tider for dei som jaktar journalistjobbar. Vi ser at det er mange søkjarar til både faste stillingar og vikariat, og ofte har fleire av søkjarane lang erfaring, som det er vanskeleg for nye journalistar å utkonkurrere, seier leiar for NRK Nynorsk mediesenter, Rune Fossum Lillesvangstu.

Sigrid vender tilbake til NRK Troms

Fire år etter at ho slutta, gjer Sigrid Agnethe Hansen comeback i NRK Troms.



Ho blir ein del av same redaksjon som veslebror August (biletet), som ikkje jobba i NRK sist Sigrid jobba der. Også fagleg er det ein del nytt å setje seg inn i.

– Det blir spennande å komme tilbake fire år etter at eg slutta. Du tenkjer at alt er som før, men det skjer jo heile tida nye ting i Medie-Noreg. Både med tanke på utstyr og kva som skal til, seier Hansen til Medier24.

Harstadværingen var nynorskpraktikant på kull 21 i 2014. Sidan har ho jobba i NRK Troms, mellom anna som reporter og programleiar i Helgemorgen. Ho har og vore tre år i kommunikasjonsbransjen og dessutan eitt år i iTromsø.

Marit fungerer som pressesjef i NRK

Marit Holmquist Fenne er fungerande pressesjef i NRK. Etter at Christine Viland slutta som avdelingsleiar, vart det interne rokkeringar som gjorde at Fenne gjekk inn den nye rolla. I utgangspunktet skal ho fungere som pressesjef fram til februar.

Marit Holmquist Fenne var praktikant ved Nynorsk mediesenter på kull 8 i 2008.

Frå NRK og VG til bransjeblad-satsing

Espen Moe Breivik er ny Journalisten-journalist.



I februar 2025 vart det kjent at Espen Moe Breivik hadde sagt opp som journalist i VG etter nesten sju år i mediehuset. Etter nokre månadar som frilansar, takka han ja til ny jobb i fagbladet Journalisten. I november starta han i ei eittårig prosjektstilling, der han skal ha hovudfokus på lyd og video. Han har mellom anna laga podkastserien «I veska til» for Journalisten, og har også ansvaret for ei videosatsing. Han skal dessutan vere med og auke kompetansenivået til resten av redaksjonen innanfor lyd og video. Breivik var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter på kull 26 i 2017.

Fekk prisar på NRK sin fagdag

Dei tidlegare praktikantane Eirin Tjoflot og Simon Solheim mottok prisar i ulike kategoriar under fagdagen 2025 i NRK.



Eirin Tjoflot var ein del av redaksjonen i Visuelt fortalt i NRK Nyheiter, og fekk fagdagsprisen for Årets Team. Tjoflot er journalist, og har vore ein nøkkelperson i utviklinga av denne typen saker på NRK.no.

Simon Solheim er på si side ein av hjernane bak graderingssystemet for breaking-hendingar i NRK. Redaksjonsleiaren tok imot Årets Innovasjonspris på vegner av breakingmiljøet på Marienlyst.

Mediemålprisen til Katrine Nybø

NRK-programleiar Katrine Nybø fekk Alf Helleviks mediemålpris



– Prismottakaren har markert seg som ein uvanleg trygg nynorskbrukar, som har stålkontroll på språket i stressande situasjonar, når ein ikkje kan ty til manus, og når det kokar i nyheitsbiletet i lange sendingar på direkten, skriv juryen.

Alf Helleviks mediemålpris går til nynorskbrukarar i radio og TV som legg vekt på å dyrke eit normalisert nynorsk talemål. Katrine Nybø er programleiar for NRK Nyhetsmorgen på P2 og NRK 1. Ho var nynorskpraktikant på kull 16 i 2012.

Arian fekk målprisen på heimebane

Førde Mållag delte ut Målprisen 2025 til Arianrhod Engebø, som sjølv er frå Førde. Engebø fekk prisen for hennar klare, naturlege og sjølvsikre bruk av nynorsk i riksdekkjande media. Som programleiar i NRK P3, som når hundretusenvís av lyttarar kvar dag – ikkje minst unge – har Engebø gjort nynorsk til eit ekte og truverdig bruksspråk i NRK.

Engbø er ein tydeleg radioprofil, og ho har vore programleiar for store produksjonar som VG-lista, P3aksjonen og Melodi Grand Prix. Ho er eit språkleg førebilete for unge lyttarar og viser at nynorsk sjølv sagt og naturleg kan nyttast i alt frå direktesendingar til humoristiske intervju og musikkprogram. Arian var nynorskpraktikant på kull 27 i 2017.

Even er den femte praktikanten som reiser «Norge Rundt»



Til dagleg er Even Lusæter journalist i NRK Innlandet, men frå 1. november 2025 til uti februar 2026 er han programleiar for NRK-flaggskipet Norge Rundt.

– I mine ti år som NRK-reporter har eg laga mange reportasjar til Norge Rundt, så eg har stort eit hjarte for programmet. Og det blir spennande å få koma på innsida av redaksjonen, seier Lusæter til gd.no.

Han føyer seg inn i ei eksklusiv rekke med tidlegare praktikantar som har vore programleiar for Norge Rundt:

Først ut var Samina Bruket (kull 9), som leia programmet i november 2009 til februar 2010. Martin Torstveit (kull 24) kunne du sjå som programleiar frå januar til juni 2020. Hilde Matilde Zahl (kull 13) tok sjåarane med på rundtur i landet frå november 2020 til februar 2021. Oddgeir Sæle (kull 34) var programleiar i 2023.

Frå Norges tøffeste til ide- og innovasjonssjef

Solveig Hareide er tilsett som ny idé- og innovasjonssjef i NRK region midt. Ho kom frå stillinga som prosjektleiar i Norges tøffeste i prosjektavdelinga på Tyholt. Hareide har lang og brei erfaring frå NRK, der ho byrja som nynorskpraktikant på kull 2 ved Nynorsk mediesenter i 2005.



Tre nynorskingar på vakt i NRK Troms

Eit sjeldant syn – og viktig for nynorskprosenten!

Onsdag 8. oktober tikka dette bildet inn til NRK Nynorsk mediesenter. Det kom frå trioen på vakt i redaksjonen i NRK i Tromsø – som alle er nynorskbrukarar:

- ✓ Hans Ivar Moss Kolseth er tidlegare praktikant og no tilkallingsvikar i NRK Troms
- ✓ Sigrid Agnethe Hansen er tidlegare praktikant og no fast tilsett i NRK Troms
- ✓ Marita Solheim (ikkje praktikant), nynorskbrukar - og no vikar i NRK Troms

Gav ut bok om dramatisk tid som korrespondent i Europa

Roger Sevrin Bruland dekte koronapandemien då Italia var episenteret, og seinare krigen som braut ut då Russland angreip Ukraina i februar 2022.

I 2025 gav Bruland ut boka «Team Berlin – Europakorrespondent 2019-2023».

– Det var utruleg krevjande å skrive denne boka, for kjenslene kjem tilbake. Eg har fortrent mykje, og mykje har berre flimra forbi fordi den eine dramatiske nyheita avløyste den andre, og eg fekk ikkje tid til å behandle det mentalt, seier Bruland til journalisten.no.

Bruland var praktikant på kull 8 i 2008.



«Sirkushestar» i avisa Hallingdølen fekk nynorskprisen for journalistar

Avisa Hallingdølen's Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2025.



Juryen fekk inn 76 nominasjonar, fordelt på 43 ulike kandidatar. Av desse valde juryen å dele prisen mellom dei to journalistane i Hallingdølen.

«Gjennom åra har Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar gått til mange godt synlege profilar som ofte har vore kjende frå radio og tv. Kall dei gjerne sirkushestar. I år går prisen til det vi vil kalle to arbeidshestar», heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Nynorskprisen for journalistar vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 13. juni 2025. Sjå eigen årsrapport for nynorskprisen.

Juryen er oppnemnd av Kultur- og likestillingsdepartementet. NRK Nynorsk mediesenter ved leiar Rune Fossum Lillesvangstu er sekretariat for prisen.

Desse er ny jury for nynorskprisen

Kultur- og likestillingsdepartementet oppnemnde sommaren 2025 ein ny jury for nynorskprisen for journalistar. Juryen skal sitje til 1. juli 2029.



Dei nye jurymedlemmane er:

- Jens Kihl (journalist og frontsjef i Bergens Tidende)
- Arill Riise (journalist og programleiar i TV 2)
- Unn Røyneland (professor i nordisk språkvitskap og fleispråklegheit ved Universitet i Oslo)

Juryen hadde sitt første møte i november 2025. Jens Kihl vart vald til leiar.

Dei tok over etter juryen som sat i perioden 2021-2025: Solveig Svarstad (leiar), Øystein A. Vangsnes og Jens Kihl.

NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Prisen var departementet si «gåve» til mediesenteret, i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004. Nynorskprisen for journalistar har vore delt ut kvart år sidan 2006.

Dette er praktikantane på kull 43



Maren Braut (24) Klepp, Rogaland

Trombone-spelar, målungdom, avløysar og journalist er nokre av merkelappane rogalendingen kan bruke om seg sjølv. Ho har ein master i politisk kommunikasjon og ein bachelorgrad i statsvitskap. Ho har arbeidd med innhald og kommunikasjon på fleire av studiestadane, og vore journalist i Jærbladet.

Heidrun Sunde Stokke (25) Volda, Møre og Romsdal

Sunnmøringen har bachelorgradar i statsvitskap og tysk språk og litteratur, i tillegg til at ho har studert friluftsliv. Ved sida av studia har ho arbeidd på bibliotek, som støttekontakt og ikkje minst vore aktiv i Snaustrinda spelemannslag. Speidarrørsla har og vore viktig for ho, og ho har prøvd seg som journalist i medlemsbladet.

Fredrik Kårstad Lilleaasen (24) Bygstad, Vestland

Sunnfjordingen har erfaring som sjåfør i transportselskap og hjelpearbeidar på omsorgssenter. Han både spelar og interesserer seg stort for fotball. Han er utdanna journalist og har arbeidd som frilansar i fleire lokalaviser i Oslo. Før han starta som praktikant hadde han sommarjobb som journalist i Nynorsk pressekontor.

Leona Møgster (19) Bømlo, Vestland

Bømlingen, busett på Askøy, tok steget rett frå vidaregåande, via sommarjobb som journalist i Bømlo-nytt, og over til stillinga som nynorskpraktikant. Ho har også tidlegare prøvd seg i lokalavisa, der ho mellom anna har starta podkast. Ho har fleire år bak seg som frivillig under Nordiske Mediedager.

Marit Balsvik Winge (23) Elvran ved Stjørdal, Trøndelag

Klassisk gitar og turn har fylt både studium og fritid for trønderen. Ho kom til Førde med ein bachelor i utøvande klassisk musikk og ei fersk pedagogisk utdanning. Gitaristen har også arbeidd som servitør ved sida av studium i Trondheim. No vil ho bruke lidenskapen for nynorsk, nyheiter og ståpåviljen sin til å bli journalist.

Fire praktikantar i praksis på Marienlyst

Praktikantane på kull 43 fekk praksisplassane sine i fire ulike riksredaksjonar.



– Oppdraget vårt er å få opp bruken av nynorsk i alle NRK sine redaksjonar. Og sjølv om denne gjengen skulle til Oslo, så vart det god spreiding. Både nyheitsdivisjonen og innhaldsdivisjonen får flinke praktikantar, seier leiar for NRK Nynorsk mediesenter, Rune Fossum Lillesvangstu.


Praksisredaksjonane lagar saker som når publikum på NRK.no, Nyheitsmorgon og Dagsrevyen. Så nynorsken kjem ut til eit variert publikum i heile landet:

- Heidrun Sunde Stokke (25, Volda): NRK Supernytt
- Marit Balsvik Winge (23, Elvran): NRK Kultur
- Maren Braut (25, Klepp): NRK Innanriks
- Fredrik Kårstad Lilleaasen (25, Bygstad): NRK Sport

Leona Møgster var også ein del av kullet frå start, men ho valde å avslutte opplæringa før den eksterne praksisperioden.

Den eksterne praksisen byrja like etter årsskiftet. Då venta to månadar i dei ulike redaksjonane, før gjengen på kull 43 er ferdige som nynorskpraktikantar i februar.

Dette er praktikantane på kull 44



Ingeborg Børve Skjold (26), Øygarden i Vestland

Nyutdanna lektor, som budde i Bologna det siste halve året før ho starta som praktikant. Sommaren 2025 arbeidde ho som journalist i Vårt Land. Ho har arbeidd som frivillig på krisetelefon og i kontaktkaféar for rusavhengige og prostituerte. Ho har også jobba som kyrkjetenar, lærarvikar og på treningssenter.

Julianne Kyoo-Ree Eikrem (24), Kristiansund i Møre og Romsdal

Nordmøringen har ein bachelorgrad i utøvande klassisk piano, og CV-en er full av arbeidserfaring og frivillige verv knytt til konsertar og festivalar. Ho har også eit årsstudium i statsvitenskap og arbeidserfaring frå lokalavisa Bladet, studentavisa Under Dusken og Radio Nova.

Henrik Storm Henriksen (25), Egersund i Rogaland

Rogalendingen har hatt roller trikkefører Syversen og Petter Pinnsvin som skodespelar. Han har vore vertskap for Munchmuseet og lærar. Han har og ein mastergrad innan medieutvikling og ein bachelorgrad i medieproduksjon, i tillegg til studium innan kulturleing.

Linnea Fagerbakke Heggland (21), Austevoll i Vestland

Austevollingen har nyleg avslutta ein bachelorgrad i internasjonale studiar, med eit semester i Lille i Frankrike. Tidlegare har ho jobba fem somrar som leppefiskar. I tillegg har ho arbeidserfaring frå Husfliden på Lillehammer og som vikarlærar.

Siri Storheim (30 år), Bergen i Vestland

Musikar med ein draum om å bli journalist. Med både ein bachelor- og mastergrad i utøvande horn, har musikken teke ho til fleire opphald i USA og Sør-Afrika. Er engasjert målkvinne, har skrive for Universitas og vore aktiv i debatt om mangfald i musikkbransjen.

Leigd inn som faglærarar på mediesenteret

Ole Kristian Svalheim og Brit Jorunn Svanes var innleigde som faglærarar på NRK Nynorsk mediesenter i 2025. Svalheim hadde kull 42 på våren, medan han delte på opplegget med Svanes på kull 43 på hausten. Begge jobbar til vanleg i NRK Vestland i Førde. Svalheim er vaksjef, medan Svanes er programleiar for sendingane på radio. Eva Marie Felde er fast tilsett som faglærar ved NRK Nynorsk mediesenter og utgjer såleis den viktige kontinuiteten på kulla.

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 215 praktikantar. Frå dei siste ti kulla har 66 prosent av praktikantane jobb i ulike medium. 44 prosent er framleis i NRK, medan 20 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks og Kveldsåpent i NRK P1. Det er tidlegare praktikantar frå NRK-kontoret i Nairobi til distriktskontor rundt omkring i heile landet.

Journalistar frå NRK Nynorsk mediesenter er og reporterar i TV 2, politisk redaktør i Bergensavisen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avisa Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende og ei rekke andre nettaviser.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportane tek vi berre med dei fem siste kulla:

Kull 42: 6. januar 2025 – 30. juni 2025



Brynjar Mangor Myrtveit Osgjerd (1995) er vikar i NRK Nordland, **Håkon Kummermo (1998)** er vikar i NRK Rogaland, **Fride Kvamsøe Rekdal (1998)** er fast tilsett i NRK Møre og Romsdal, **Magnus Vattekar Sandvoll (1999)** er vikar i NRK Vestland og tilkallingsvikar i NRK Nyheiter og **Regine Hatvik (2002)** er vikar i NRK Direkte.

Kull 41: 19. august 2024 – 28. februar 2025



Andreas Vatne (1994) er lærar, **Ann Beate Eikås Hovland (1997)** er vikar i NRK Vestland, **Katarina Trymsdatter Vatnvåg (2000)** er tilkallingsvikar i NRK Nordland, **Malene Laura Solheim (1999)** er vikar i deskredaksjonen på Marienlyst, **Åsne Margrete Kleiv (2000)** er vikar i Sporten.

Kull 40: 2. januar 2024 – 28. juni 2024



Jonas Sævereide Kroken (1997) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, **Tora Carlsen Haaland (1998)** er vikar i NRK Utanriks, **Henning Levold (1994)** er vikar i NRK Trøndelag, **Laurita Fure Briceno (1992)** er vikar i NRK Vestland og **Sjur Systad Tyssen (1989)** er jobbsøkjar.

Kull 39: 21. august 2023 – 29. februar 2024



Jarand Aga Baas (1997) er musikar, **Matilde Sunde Solsvik (1999)** er fast tilsett i Vårt Land, **Ingrid Byggland (1990)** er fast tilsett i Vest-Telemark Blad, **Martin Værum Anda (1996)** er tilkallingsvikar i NRK Vestland og **Julie Haugen (2000)** er masterstudent i Volda.

Kull 38: 2. januar 2023 – 30. juni 2023



Annvor Seim Vestrheim (1995) er rådgjevar i Språkrådet, **Hedda Kurseth (2000)** er vikar i VG, **Ingrid Turtum (1996)** er norsklærer i Oslo, **Oda Bjønnes Hanslien (2000)** er fast tilsett i Stavanger Aftenblad og **Synne Malen Sandven (1995)** er vikar i VG.

FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Tar inn to kull à fem praktikantar i året. Praksisperioden er på seks månadar. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei tre andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem eller seks praktikantar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK sidan 2008. Leiar: Iram Ansari

Samisk talentprogram – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Sàpmi sidan 2020. Leiar: Maret Inga Smuk

NRKs praktikantprogram for funksjonsmangfold – for rekruttering og opplæring av journalistar med funksjonsnedsettingar. Tek inn tre eller fire kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta i 2024, samlokalisert med NRK Sørlandet i Kristiansand. Leiar: Knut Knudsen Eigeland

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Praksisperioden er på seks månadar. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka.